



Jens H N Bjordal
Jens Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/1665 - 22/22438

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
17.03.2022

Midlertidig bruksløyve - gbnr 1/80 Flatøy bruksendring,
fasadeendring, ombygging

Administrativt vedtak: Saknr: 304/22
Tiltakshavar: Øystein Sulebakk
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bruksendring frå naust til musikklokalar, ombygging, fasadeendring og oppgradering av avkøyrsløve på gbnr 1/80 Flatøy på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: musikklokalar med unnateke trappeheis.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.05.22.**
- 3. Ferdigattest for slamavskiljar skal liggje føre innan 01.05.22.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak rammeløyve i saka 20/1665 datert 08.07.21 og igangsetjingsløyve av 21.09.21.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Montering av trappeheis.

2. Ferdigattest for slamavskiljar i sak 21/4881.
3. Godkjenning av ferdigmelding frå røyrløygjar for tilkopling til kommunalt vatn i sak 2174875.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: musikklokalar med unnateke trappeheis.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.05.22.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.03.22.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Flatøyvegen 20
Bygningstiltak:	Bruksendring, ombygging, fasadeendring , oppgradering av avkøyrsløp
Bygningsnummer:	175996745
Bruksareal:	179 m ²
Avløp:	Privat via slamavskiljar
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere filgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1665

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Barbro Wiig Sulebakk	Grønlandsvege 5918 n 20	FREKHAUG
Øystein Sulebakk	Grønlandsvege 5918 n 20	FREKHAUG

Mottakarar:

Jens H N Bjordal	Grønlandsvege 5918 n 11	FREKHAUG
------------------	----------------------------	----------